VEDLEGG 20

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Saknr. 200801032 Dok.nr. 248
24 MAI 2013
Arkivnr. 171 Saksh. GURKLYV
Eksp.
U.off.

# AVTALE OM MAKESKIFTE

**mellom**

**Hordaland fylkeskommune**
(eigar av gnr. 185 bnr. 2 i Kvinnherad kommune)

**og**

**Rune Thorkildsen**
(eigar av gnr. 185 bnr. 32 i Kvinnherad kommune)

## 1. Avtalepartar

(1) Eigar av gnr. 185 bnr. 2:

Hordaland fylkeskommune, org.nr. 928 626 367
Postboks 7900
5020 Bergen

(2) Eigar av gnr. 185 bnr. 32:

Rune Thorkildsen, fnr. 040666 37552
Vågen 55
5451 Valen

## 2. Bakgrunnen for avtalen

Gnr. 185 bnr. 32 i Kvinnherad kommune er eit småbruk med bruksnavn «Solbakken» som vart utskilt fra Hordaland fylkeskommune sin eigedom gnr. 185 bnr. 2 i 1941.

Eigar av småbruket i 1941 var William Chr. Thorkildsen, og i 1944 vart det inngått ein muntleg avtale mellom han og Hordaland fylkeskommune om at eigar av gnr. 185 bnr. 32 skulle få leige eit areal av gnr. 185 bnr. 2 på ca. 6 mål til kulturbeite. Arealet med bruksnavn «Bakkaviddo» grensar opp mot gnr. 185 bnr. 32, og det vert også i dag nytta til beite og inngår som ein del av driftsgrunnlaget for «Solbakken». Avtalen er tidsubestemt og noverande eigar av gnr. 185 bnr. 32, Rune Thorkildsen, betalar ei årleg leige stor kr. 10.

Skylddelingsforretninga frå 1941 inneheld bestemmelse om nausttomt og opplagsplass for gnr. 185 bnr. 32 på gnr. 185 bnr. 2. «Rett til utskilt tomt» vart den 16.02.1942 med

dokumentnr. 260 tinglyst som pengehefte på gnr. 185 bnr. 2, med gnr. 185 bnr. 32 som innehavar av retten.

Vedlegg 1: Utskrift frå den elektroniske grunnboka for gnr. 185 bnr. 2

Retten til tomt var opprinneleg plassert «Paa nedre side av Vaagevegen, ved Raudeberget ...». Etter anvisning frå fylket vart tomta seinare flytta lengre nord i Vågen til ei allereie eksisterande nausttuft. Naustet har ein enkel standard, og det vert nytta til vinterlagring av båt.

Rune Thorkildsen har overfor Hordaland fylkekommune sett fram ønskje om eit makeskifte. Makeskiftet består i at eigedomsrett til naust og nausttomt med tilhøyrande opplagsplass i Vågen vert bytt mot eigedomsrett til beitestykket «Bakkaviddo» på ca. 6 mål.
Hordaland fylkeskommune vert såleis eigar av nausteigedomen i Vågen og Rune Thorkildsen vert eigar av «Bakkaviddo».

Partane har vorte sams om eit makeskifte på vilkår som går fram av denne avtalen.

### 3. Objekt for makeskiftet

Nausttomt med opplagsplass i Vågen på gnr. 185 bnr. 2 utgjer ca. 120 m2.

Vedlegg 2: Grunnkart frå Fonnakart i målestokk 1:750 datert 09.03.2013 der nausttomt med opplagsplass er teikna inn, områdekart frå Fonnakart datert 09.03.2013 og målsett skisse som syner naust/skur og gamal naustmur

Beitestykket «Bakkaviddo» frå Vågevegen og opp til den gamle Postvegen på gnr. 185 bnr. 2, som har vore leigd iht. avtale frå 1944 for ei årleg leige stor kr. 10, utgjer ca. 6 mål.

Vedlegg 3: Grunnkart frå Fonnakart i målestokk 1:2500 datert 20.01.2008 der arealet er markert med grønn skravur.

Dei ovannemnde eigedomane skal makeskiftast «som dei er», jfr. § 3-9 i avhendingslova.

Verdien av kvar av eigedomane er sett likt; ingen av partane skal betale noko mellomlegg ved makeskiftet.

### 4. Frådeling av nausttomt og opplagsplass. Sletting av pengehefte.

Naust, nausttomt og opplagsplass har vore eigd av eigar av gnr. 185 bnr. 32, men utan at arealet har vorte frådelt. Arealet ligg på gnr. 185 bnr. 2 med Hordaland fylkeskommune som heimelshavar.

Nausttomt med opplagsplass skal frådelast gnr. 185 bnr. 2 og opprettast som ei ny matrikkeleining med Hordaland fylkeskommune som eigar. Det vil ikkje vere naudsynt med ei overskøyting sidan det ikkje skal skje ei endring av heimelshavar.

Samstundes med signering av denne avtalen skriv Rune Thorkildsen, som eigar av gnr. 185 bnr. 32, under på ei erklæring om at hefte tinglyst den 16.02.1942 med dokumentnr. 260 skal slettast i grunnboka. Sjå punkt 2 ovanfor. Denne erklæringa kan Hordaland fylkeskommune ikkje sende til Statens kartverk for sletting før skøyte på «Bakkaviddo» er tinglyst på Rune Thorkildsen.

Straks denne avtalen er underskrive av partane og godkjend, sjå punkt 7, skal Hordaland fylkeskommune v/Eigedomsseksjonen utarbeide søknad om frådeling og oppmåling for nausttomta og opplagsplassen. Søknaden skal sendast til Kvinnherad kommune, Oppmåling. Hordaland fylkeskommune ber kostnadene med dette.

Endeleg areal og grensar vert fastsett ved gjennomføring av oppmålinga.

## 5. Frådeling av beitearealet. Opphøyr av leigeavtale.

Beitearealet «Bakkaviddo» frå Vågevegen og opp til den gamle Postvegen skal frådelast gnr. 185 bnr. 2.

Straks denne avtalen er underskrive av partane og godkjend, sjå punkt 7, skal Hordaland fylkeskommune v/Eigedomsseksjonen utarbeide søknad om frådeling og oppmåling for beitearealet. Søknaden skal sendast til Kvinnherad kommune, Oppmåling. Skøyte frå Hordaland fylkeskommune til Rune Thorkildsen vert sendt til Rune Thorkildsen når den nye matrikkeleininga er oppretta, og han kan deretter sende det til Statens kartverk for tinglysing. Rune Thorkildsen ber kostnadene i samband med frådelinga og oppmålinga, samt dokumentavgift og tinglysingsgebyr ved tinglysing av skøyte på den nye matrikkeleininga.

Leigeavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og eigar av gnr. 185 bnr. 32 opphøyrer ved gjennomføring av makeskiftet.

Den nye matrikkeleininga skal vere fri for pengehefte. Tinglyst hefte frå 16.02.1942 vil verte sletta kort tid etter at skøytet er tinglyst. Sjå punkt. 4.

Endeleg areal og grensar vert fastsett ved gjennomføring av oppmålinga.

## 6. Konsesjon/eigenerklæring om konsesjonsfridom

Eigar av gnr. 185 bnr. 32 må utrede om ervervet av beitearealet er konsesjonspliktig og evt. søke om konsesjon. Dersom ervervet ikkje er konsesjonspliktig krev ervervet innlevering av eigenerklæring om konsesjonsfridom.

## 7. Atterhald

Avtalen er inngått med atterhald om at plan- og bygningsmyndigheitene tillet frådeling av areala.

Avtalen er óg inngått med atterhald om administrativ godkjenning.

Denne avtalen er utarbeidd i 2 – to – likelydande eksemplar med vedlegg, der kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Bergen, den 29.5.2013

Hordaland fylkeskommune
eigar av gnr. 185 bnr. 2

Kvinnherad, den 15.05.2013

Rune Thorkildsen
eigar av gnr. 185 bnr. 32

Navn: Hordaland Fylkeskommune
Saksbehandler: GUROKLYVE

# Utskrift fra Grunnboken

**Gårdsnummer 185, Bruksnummer 2 I 1224 KVINNHERAD kommune**
Utskrift fra EDR - Eiendomsregisteret
Kilde: Tinglysningsmyndigheten Statens Kartverk

Utskriftsdato 14.05.2013
Registrert til og med 10.05.2013

## HJEMMELSOPPLYSNINGER

**Hjemmelshavere:**

| | |
|---|---|
| **16.05.1934 900193** | **HJEMMEL TIL GRUNN**<br>Kjøpesum: 0<br>Omsetningstype: Uoppgitt<br>HORDALAND FYLKESKOMMUNE<br>ORG.NR: 938626367<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |

## PENGEHEFTELSER

| | |
|---|---|
| **16.02.1942 260** | **RETT TIL UTSKILT TOMT**<br>BESTEMMELSER OM RETT TIL Å FÅ UTSKILT TOMT<br>RETTIGHETSHAVER: KOMMUNE-NR 1224 GNR 185 BNR 32<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |

**Leieavtaler:**

| | |
|---|---|
| **14.06.2004 5915** | RETTIGHET<br>Rettighetshaver: HELSE FONNA HF VALEN SJUKE<br>LEIEAVTALE<br>Kan ikkje overdragast utan samtykke frå heimelshavaren/utleigaren<br>Kan ikkje pantsetjast (brukt i leigeavtalar)<br>Med flere bestemmelser<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| **21.11.2007 953625** | RETTIGHET<br>Rettighetshaver. VALEN KRAFTVERK AS<br>ORG.NR: 985383820<br>Erklæring vedrørende fallrettigheter<br>VK's rettigheter kan pantsettes<br>VK kan overdra sine rettigheter<br>Med flere bestemmelser<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |

## Festeavtaler:

| | |
|---|---|
| 09.02.1984 1365 | FESTEKONTRAKT - VILKÅR<br>Festetid: 30 år<br>Årlig festeavgift: 0 NOK<br>Tomteverdi: 0 NOK<br>Gjelder festenr. 1<br>ÅRLIG AVGIFT NOK 1,000 |

## SERVITUTTER

IKKE OVERFØRTE DOKUMENTER: DEN MANUELLE GRUNNBOKEN HAR DOKUMENTER SOM ANTAS KUN Å HA HISTORISK BETYDNING, ELLER SOM ER TINGLYST VEDRØRENDE MATRIKKELENHETENS GRENSER OG AREAL.

### Servitutter i grunn:

| | |
|---|---|
| 10.01.1906 900196 | BESTEMMELSE OM VEG |
| 18.11.1912 900278 | BESTEMMELSE OM KLOAKKLEDN<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 1 / / |
| 03.08.1915 900387 | BESTEMMELSE OM VEG |
| 31.05.1926 900270 | BESTEMMELSE OM GJERDE |
| 01.12.1931 900414 | BESTEMMELSE OM BEITERETT<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 17 / / |
| 06.12.1933 990234 | ERKLÆRING/AVTALE<br>Grunnseddel til STATENS HAVNEVESEN på grunn til fortøyningsbolter. |
| 16.02.1942 261 | BESTEMMELSE OM VEG<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 33 / /<br>Med flere bestemmelser |
| 29.11.1952 3337 | BESTEMMELSE OM VANNLEDN.<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| 13.10.1965 3938 | SKJØNN<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| 15.01.1969 225 | BESTEMMELSE OM VANNRETT<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 82 / /<br>Bestemmelse om vann/kloakkledning<br>Bestemmelse om gjerde |
| 10.06.1969 3204 | BESTEMMELSE OM VANNLEDN.<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 16 / /<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 33 / /<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 71 / / |

| | |
|---|---|
| 10.10.1970 5755 | **BESTEMMELSE OM KLOAKKLEDN**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 47 / /<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 51 / /<br>Med flere bestemmelser<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| 18.01.1977 414 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 33 / 1 /<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| 09.12.1977 11081 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 32 / /<br>Med flere bestemmelser |
| 09.12.1977 11082 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 33 / /<br>Med flere bestemmelser |
| 02.01.1978 38 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver. 1224 / 185 / 120 / / |
| 19.09.1986 10052 | **ERKLÆRING/AVTALE**<br>om overdraging av vassverkets anlegg til KVINNHERAD KOMMUNE<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| 07.10.1992 7909 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 141 / /<br>Bestemmelse om kloakkledning |
| 30.06.2003 5982 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 188 / /<br>Bestemmelse om anlegg og vedlikehold av ledninger m.v.<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| 30.06.2003 5982 | **ERKLÆRING/AVTALE**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 188 / /<br>Føresegn om septiktank m.m. |
| 30.06.2003 5986 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 198 / /<br>Føresegn om septiktank m.m.<br>Bestemmelse om anlegg og vedlikehold av ledninger m.v. |
| 04.07.2003 6201 | **BESTEMMELSE OM VEG**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 189 / /<br>Bestemmelse om anlegg og vedlikehold av ledninger m.v.<br>Bestemmelse om vannrett<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| 04.07.2003 6201 | **BEST. OM VANN/KLOAKKLEDN.**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 189 / /<br>Føresegn om septiktank m.m.<br>Med flere bestemmelser |
| 07.11.2005 10535 | **ERKLÆRING/AVTALE**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 21 / /<br>Bestemmelse om vannrett |

| | |
|---|---|
| **02.10.2009 736486** | **BEST. OM VANN/KLOAKKLEDN.**<br>Rettighetshaver: 1224 / 185 / 204 / /<br>Bestemmelse om elektriske ledninger/kabler<br>Kan ikke slettes uten samtykke fra kommunen<br>Bestemmelse om veg |
| **30.04.2012 335143** | **ERKLÆRING/AVTALE**<br>Rettighetshaver: Kvinnherad Energi AS<br>ORG.NR: 966309202<br>Rett til byging/drift av trafokiosk, kabel og fiberkabel |

## GRUNNDATA

| | |
|---|---|
| **902783** | **OPPRETTELSE AV MATRIKKELENHETEN**<br>EIENDOMMEN ER OPPRETTET FØR 1930 |
| **11.04.1904 900008** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 3 / / |
| **30.04.1906 900020** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet 1224 / 185 / 5 / / |
| **06.02.1909 900009** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 4 / / |
| **22.02.1909 900018** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 10 / / |
| **02.12.1912 900138** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 11 / / |
| **08.02.1916 900008** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 14 / / |
| **19.07.1933 900203** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 21 / / |
| **16.02.1942 260** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 32 / / |
| **16.02.1942 261** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet 1224 / 185 / 33 / / |
| **08.12.1988 12356** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 134 / / |
| **30.07.1992 6120** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet 1224 / 185 / 141 / / |
| **23.12.2002 11799** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 185 / / |
| **23.12.2002 11802** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet 1224 / 185 / 188 / / |
| **23.12.2002 11803** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet 1224 / 185 / 189 / / |

| | |
|---|---|
| **06.05.2003 3937** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 194 / / |
| **06.05.2003 3941** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 198 / / |
| **02.09.2004 8739** | **GRENSEJUSTERING**<br>GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE |
| **30.09.2004 9769** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 200 / / |
| **26.05.2006 249855** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 204 / / |
| **29.09.2006 465024** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 205 / / |
| **19.02.2007 206266** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 206 / / |
| **01.10.2010 749458** | **REGISTRERING AV GRUNN**<br>Utskilt fra denne matrikkelenhet: 1224 / 185 / 214 / / |




http://www.fonnakart.no/AdvancedPrintComponent/PrintForm.aspx?knr=1224&template=... 09.03.2013


Valen
Valevn
Eikelyvn
Vågen
Indre
Valøya
Søre Vatsvågen
400 m
Med forbehold om feil i kartgrunnl
Kartopplysninger som kreves ved

# SKISSE OVER SKUR OG GAMMEL NAUSTMUR



VEDLEGG (3)




| | | |
|---|---|---|
|  | Kartportalen Fonr | |
| Målestokk | 1:2 500 | |
| Utskriftsdato | 20.01.2008 | |
| Karttype | Grunnkart | |